



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Mai 2020

Rettleiar for klassifisering av innmarksbeite i AR5

Innmarksbeite er eit viktig markslag i bygdlandskapet. Her ligg det ein stor fôrressurs som kan haustast av dyr, utan at det er lagt ned høge dyrkingskostnader. Denne beitemarka er oftast lite gjødsla, og ein finn derfor her eit høgt mangfald av artar tilpassa beiting. Parkpreget som er eit karakteristisk kjenneteikn for innmarksbeitet, gjer markslaget særst verdfullt for opplevinga av landskapet i norske bygder.

Dette notatet skildrar krava som blir sett til innmarksbeite etter AR5 klassifikasjonssystem (arealressurskart 1:5 000). I AR5 blir areala klassifisert etter arealtilstand, og avgrensinga av innmarksbeite blir gjort uavhengig av eigedomsgrenser, kvar gjerdet står, og om arealet er i bruk.





NIBIO

Innhald

1. Krav til innmarksbeite.....	3
2. Korleis blir innmarksbeite til?	4
3. Vegetasjonsdekket	7
Kulturgras.....	7
Skogsgras.....	8
Beitetålande urter.....	14
Kulturgras.....	16
Attgroingsurter.....	17
Andre attgroingsartar.....	19
4. Tresetting på innmarksbeite	20
5. Strandeng	22
Sonering	22
Beitepåverknad.....	23
Grasartar	24
Kva areal skal inngå i innmarksbeite?	24
6. Korleis handtere areal utan grasdekke?	26
6. Rydding	27
7. Inngjerding	28
8. Etablering av innmarksbeite	29

Forsidefoto: Anja Ahlstrøm



NIBIO

1. Krav til innmarksbeite

Innmarksbeite:

- Må kunne brukast til beite, men kan ikkje haustast maskinelt
- Må ha eit tydeleg kulturpreg
- Må ha 50% kulturgras og beitetålande urter
- Vil normalt ha inngjerding

Innmarksbeite er jordbruksareal som kan nyttast til beite, men som ikkje kan haustast maskinelt. Eit innmarksbeite skal ha gras og urter med god fôrverdi som dyra sjølv haustar ved beiting. Innmarksbeite skal ha eit tydeleg kulturpreg.

Kulturpreg inneber at arealet skal ha grasrik og engliknande vegetasjon. Arealet kan ha glissen tresetting. Det skal vere rydda for kratt og hogstavfall slik at arealet er godt tilgjengeleg for beitedyr.



Småfe og storfe saman på innmarksbeite. Foto: Oskar Puschmann

Arealet må ha minst 50 % kulturgras og beitetålande urter. Med kulturgras meiner vi artar som blir fremja av kultivering som beiting fører med seg (avbiting, trakk og gjødsling), Døme på slike artar er engkvein, rappartar og sølvbunke. Artar som smyle, finnskjegg og blåtopp skal ikkje reknast inn. Dekninga av beitetålande urter t.d. kvitkløver, ryllik og løvetann, vert reknast inn saman med dekning av gras.



Etablert innmarksbeite i tidlegare granskog. (Elverum). Foto: Tom J Kristiansen

Tresetting kan vere i form av enkelttre, mindre treklynger, eller vere heildekkande. I det siste tilfellet skal skogen ha ei glissen tresetting utan nemneverdig busksjikt, vere oppkvista, og ha kronedekke med god lysgjennomgang.

Innmarksbeite vil normalt ha *inngjerding* mot utmark, naboeigedom og andre areal, eller ha naturleg avgrensing som vatn, elver, bergveggar m.m. Eit areal som er inngjerda og vert nytta som beite vert ikkje automatisk klassifisert som innmarksbeite i AR5. For innmarksbeite er det krav om tilstrekkeleg grasdekke med rette planteartar til stades. Det kan ta fleire år å få etablert eit slikt grasdekke. Kor lang tid etableringa tek, er mellom anna avhengig av opphavleg vegetasjonstype og beitetrykk.

Dyra beiter også på andre artar enn dei som er rekna som godkjente beiteplantar, men med få unntak er det dei godkjente beiteplantane som er mest produktive og næringsrike, og som vert føretrekt av beitedyr. Unntaka er til dømes sølvbunke, som blir lite attraktiv utover i sesongen, og engsoleie som blir lite beita. Dette er artar som likevel blir fremja av beiting, og fungerer på den måten som indikatorar på kulturpreg.

Areal som vert nytta som beite, men ikkje tilfredsstillar dei krava som stillest for innmarksbeite, er utmarksbeite. Også beite i utmark kan gje god tilvekst og produksjon, men her er beiteplantane som regel spreidd over større område, eller har generelt lågare næringsverdi per arealeining. Beiter i utmark har heller ikkje det kulturpreget som krevst i definisjonen av innmarksbeite i AR5.

2. Korleis blir innmarksbeite til?

Område som gjennom lengre tid har vore utsett for beiting eller slått vil få grasrik, engliknande vegetasjon. Saman med eit tynna tresjikt vil dette gje preg av parklandskap. Det vil særleg vera på rik grunn at ein får ei slik utvikling, men gjødsling kan og gjera at fattig mark blir grasrik.

Årsaka til høgt grasinnhald i beitepåverka vegetasjon er at beiting påverkar konkurransetilhøvet mellom plantene gjennom avbiting, tråkk og gjødsling. Artar som toler å bli beita ned fleire gonger i veksesesongen kjem best ut. Dette gjeld i hovudsak gras som har veksepunktet så lågt at dette ikkje blir skadd ved avbiting. Planter som dyra ikkje likar eller som er så små at dei unngår å bli beita, blir også favorisert.

Lyng, lav, høge urter og bregner taper i konkurransen, fyrst og fremst av di dei ikkje toler tråkk som følgjer med beitinga. Dette gjeld t.d. *tyrihjel*m som

er svak for tråkk og trekker seg tilbake til einerkratt, treleggjar og steinar ved sterk beiting.



Tyrhjelm har her trekt seg inntil treleggjar etter sterk beiting. Foto: Yngve Rekdal

Innmarksbeite kan ha oppstått frå ulike vegetasjonstypar, men felles er at dei oftast har godt med næring og vatn i jorda.

Nokre typar areal har i si naturlege utforming ein plantesamansetnad som tilseier at det kan klassifiserast som innmarksbeite. Dette kan vere areal som ikkje endrer karakter om dei vert beita. I slike tilfelle kan det vere teneleg å legge større vekt på inngjerding for å avgrense innmarksbeitet.

Eit døme på slikt areal er strandenger som er dominert av raudsvingel. Raudsvingel tåler saltpåverknad godt, og kan dominere arealet sjølv uten beitepåverknad.

Bileteksempla på neste side viser kultivert vegetasjon frå ulike naturtypar som med omsyn til botanisk samansetnad kan klassifiserast som innmarksbeite. Her manglar berre inngjerding. Gjødsling kan gjera at fattig mark også utviklar eit plantedekke som kan godkjennast som innmarksbeite.



Grasrik bjørkeskog med engbjørkeskog som opphav. Her er det no lite beita og arealet vil gå tilbake til opphavstypen dersom beitetrykket blir for lågt (Nordreisa). Foto: Per Bjørklund



*Grasrik enggranskog etter hard beiting på hogstflate. (Ringsaker)
Foto: Yngve Rekdal*



Sterkt beita strandeng (Porsanger). Foto: Yngve Rekdal



Beiteli som er oppstått ved langvarig beiting og slått i det som opphavleg kan ha vore bregneeng (Vestvågøy). Foto: Per Bjørklund



NIBIO

3. Vegetasjonsdekket

Kulturgras

Desse artane **skal** reknast med:

- [Engkvein](#)
- [Engrapp](#)
- [Raudsvingel](#)
- [Gulaks](#)
- [Fjelltimotei](#)
- [Rappartar](#)
- Engsvingel,
- Engreverumpe,
- Timotei
- Hundegras
- [Sølvbunke](#)

Kulturgras

Grasartar som skal reknast med når ein vurderer grasdekning i innmarksbeite er artar som blir fremja ved beiting, som gjev god produksjon og som er gode beiteartar. Slike artar blir her kalla kulturgras. Dette er i første rekkje **breiblada** artar som *Engkvein*, *Engrapp* og *Hundegras*. Andre artar er *Gulaks*, *Fjelltimotei* og andre *rappartar*.



Engkvein (1) er eit breiblada gras som breier seg lett på beitemark. *Gulaks (2)* er lett å kjenne på akset. *Sølvbunke (3)* breier seg på rålendt mark.



NIBIO

Sølvbunke kan få høg dekning på rålendt jord og må reknast med i grasdekninga sjølv om dette ikkje er eit godt beitegras når det får utvikle seg i tuver. Det er vanskeleg å unngå at gamalt beite får eit visst innhald av *sølvbunke*. Mange stader kan den dominere totalt, særleg i Nord-Noreg. Slike areal bør likevel reknast med i innmarksbeite, då det finst åtgjerder som kan redusere sølvbunka, til dømes fresing av tuver eller heile det øvste jordlaget. Tidleg beiteslepp er viktig skal sølvbunketuvene bli beita ned, elles er det helst berre hest som tek dei.



Ved tidleg beiteslepp kan sølvbunketuvene bli beita (Porsanger). Foto: Per Bjørklund

Skogsgras

Med skogsgras er her meint grasartar som har naturleg forekomst i utmark, uavhengig av kulturpåverknad frå beiting. Desse skal ikkje reknast med i grasdekningsprosenten på innmarksbeite. Dette gjeld mange grasartar, men det er berre eit fåtal som forekjem med høg dekning. Derfor er det berre 5-6 artar ein treng å kunne ved vurdering av innmarksbeite.

Det er to **smalblada grasartar** som er særleg viktig å vera merksam på ved vurdering av grasdekningsprosenten.

Smyle er vanlegaste grasarten i utmarka. Dette graset har liten produksjon og er ikkje av dei beste beitegrasa sjølv om det blir mykje beita. Det er eit lyselskande grasslag, som kan få eit veldig tett dekke på hogstflater og i lysopningar på det vi kallar blåbærmark. Dersom ein tek dette graset med i dekningsprosenten kan ein risikere å måtte godkjenne hogstflater som innmarksbeite.

Skogsgras

Desse artane skal **ikkje** reknast med:

Smalblada gras:

- [Smyle](#)
- [Finnskjegg](#)
- [Sauesvingel](#)

Breiblada gras:

- [Blåtopp](#)
- [Skogrøyrkvein](#)
- [Snerprøyrkvein](#)
- [Storr](#)

Finnskjegg kan utvikle seg tett på fattig mark som har vore hardt beita kring setervollar og liknande. I søkk der vatn blir ståande med mykje frysing og tining vår og haust kan det danne seg tette matter. Dette er eit svært dårleg beitegras, og gjev svært liten produksjon. Sjølv om dette graset kan bli sterkt fremja av beiting skal det ikkje reknast med da beiteverdien er svært låg.

Sauesvingel er eit tredje av desse smalblada grasa som kan utvikle seg helst i fjellbeite i innlandsstrok. Dette skal heller ikkje reknast som kulturgras.



*Smyle (1) og finnskjegg (2) har trådsmale blad, men er lett å skilje, da finnskjeggblada er stive og veks i tuver gjerne med mykje gammalt gras.
Foto: Yngve Rekdal*



Hogstflate i blåbærskog med bortimot 100% smyledekning. Den skal ikkje klassifiserast som innmarksbeite (Ringsaker). Foto: Yngve Rekdal



Blåbærbjørkeskog kan utvikle tett smyledekke etter angrep frå bjørkemålar (Tolga). Foto: Yngve Rekdal



Beitevollar dominert av finnskjegg skal ikkje klassifiserast som innmarksbeite. Foto: Yngve Rekdal

Nokre **breiblada grasartar** skal heller ikkje reknast med. I kyststrok gjeld dette først og fremst *blåtopp* som kan få svært høg dekning på litt våtlendte beite. På rålendte hogstflater og litt forsumpa mark kan *skogrøyrvkein* få høg forekomst. Det same gjeld *snerprøyrvkein* på hogstflater i låglandet på Austlandet.



Hogstflate dominert av snerprøyrvkein skal ikkje klassifiserast som innmarksbeite (Ringsaker). Foto: Yngve Rekdal



Blåtopp (1) er vanleg på vått lende i utmark i kyststrok. Skogrøyrvkein (2) får høg dekning på hogstflater i småbregne- og storbregneskog, samt i sumpskogar. Foto: Yngve Rekdal



Blåtoppdominert fuktskog skal ikkje klassifiserast som innmarksbeite (Sveio). Foto: Johnny Hofsten

Starrarter skal ikkje reknast med i grasdekket sjølv om slike areal i blant kan sjå veldig beiteprega ut. På litt våtlendte beite på overgangen til myr, kan det i utvikle seg eit tett dekke av starr, særleg *slåttestarr*.

Starr er ei fellesnemning for ei stor planteslekt med ei rekke artar. Her treng ein ikkje kjenne artane. Kjenneteikn for denne plantegruppa er at stengelen er trekanta og ikkje har leddknutar.



*Starrdominert beite skal ikkje klassifiserast som innmarksbeite (Løten).
Foto: Yngve Rekdal*



Slåttestarr. Foto: Per Bjørklund



NIBIO

Beitetålande urter

Desse artane **kan** reknast med:

- [Blåklokke](#)
- [Blåkoll](#)
- [Engkarse](#)
- [Engsoleie](#)
- [Engsyre](#)
- [Fuglevikke](#)
- [Karve](#)
- [Kvitkløver](#)
- [Kystmaure](#)
- [Løvetann](#)
- [Marikåper](#)
- [Prestekrage](#)
- [Ryllik](#)
- [Sveveartar](#)
- [Vårpengeurt](#)
- [Raud jonsokblom](#)

Beitetålande urter

Mange urter blir favorisert ved beiting, og vi kallar dei beitetålande urter. Dette gjeld særleg dei som har bladverket i rosett ned til bakken slik at dette ikkje blir beita bort.

Artar som *ryllik, blåklokke, kvitkløver, prestekrage, blåkoll, løvetann, sveveartar, engkarse, karve, engsyre, engsoleie og fuglevikke*, *vårpengeurt, kystmaure, harerug* og ulike *marikåpeartar* er av dei vanlegaste som må reknast som beitetålande urter.



Ryllik (1), blåklokke (2) og kvitkløver (3) er typiske urter som høyrer heime i beitemarka. Foto: Yngve Rekdal



Engkarse(1) er vanleg i beite i nedbørrike område, medan bakkesøte (2) er knytt til kalkrike beite i fjellet og i Nord-Noreg. Foto: Per Bjørklund



NIBIO

Kulturugas

Desse artane skal **ikkje** reknast med:

- [Brennesle](#)
- Bringebær
- [Dåartar](#)
- [Knappsiv](#)
- [Lyssiv](#)
- Nyperoser
- [Tistel](#)
- Høymole

Kulturugas

Urter som blir fremja ved kultivering, men som ikkje er beiteplantar, kan vi kalle kulturugas. Desse kan få ei svært høg dekning i beitemark, og til dels ødelegge beitekvaliteten. Døme på slike artar er *brennesle*, *dåartar*, *tistlar*, *bringebær*, *nyperoser* og *lyssiv/knappsiv*. Dette er artar ein ikkje ønsker i eit innmarksbeite. Samanhengande areal dom er dominert av desse artane kan ikkje reknast som innmarksbeite.



Lyssiv



Brennesle



Kratt av nyperose



Då



NIBIO

Attgroingsurter

Desse artane skal **ikkje** reknast med:

- [Mjødurt](#)
- [Skogstorknebb](#)
- [Tyrihjelm](#)
- [Hundekjeks](#)
- [Ballblom](#)
- [Geitrams](#)

Andre attgroings- artar:

- [Einer](#)
- [Einstape](#)
- [Skogburkne](#)
- [Strutseving](#)

Attgroingsurter

Dei artane som kjem inn når beitetrykket blir lågt, kan vi kalle attgroingsurter. Dette er artar som høyrer heime i utmarka, men som kan breie seg sterkt på eit lite nytta beite. Slike artar skal ikkje reknast med som beitetålande.

Når beitetrykket i eit område er høgt, vil ein finne mest av dei beitetålande artane. Ved lågare beitetrykk vil andre artar kome inn og etter kvart ta over. Ein kan difor ”lese beitetrykket” ut i frå kva slags artar som veks i eit innmarksbeite.



Mjødurt



Skogstorknebb (Foto: Yngve Rekdal)



Tyrihjelm (Foto: Yngve Rekdal)



Hundekjeks (Foto: Michael Angeloff)



Geitrams (Foto: Yngve Rekdal)



Ballblom (Foto: Per Bjørklund)



*Eng der skogen sine artar dominerer er vakker, men er i ein fase før attgroing til skog. Dette kan ikkje takast med som innmarksbeite.
Foto: Yngve Rekdal*



*Hundekjekseng kan ikkje reknast som innmarksbeite. (Vega) Foto:
Michael Angeloff*

Andre attgroingsartar

Einer er ein pionérart på beitemark, særleg der beitetrykket blir lågt. Men også der beitetrykket er nokolunde bra ser det ut til at beitedyra har vanskeleg for å halde eineren tilbake. Større areal av einerkratt skal ikkje reknast som innmarksbeite.

Langs kysten vil ulike artar av store bregner kunne vandre inn på beitemark. Dette gjeld sæleg *einstape* og *skogburkne*. Har marka bregnedominans skal heller ikkje dette reknast som innmarksbeite.



Innmarksbeite under attgroing med einer. Når einer dekker meir enn 50 % av arealet, skal det ikkje reknast som innmarksbeite. (Bjarkøy) Foto: Per Bjørklund



Innmarksbeite med høgt innslag av bregna strutseving. Når bregner dekker meir enn 50 % av arealet, skal det ikkje reknast som innmarksbeite. (Lyngen) Foto: Per Bjørklund



NIBIO

Tresetting:

Tilgang til lys er viktig.

For å føre på tresetting: minst 3 m høg og 10% kronedekning.

Minsteareal for å føre på tresetting er 4 dekar.

4. Tresetting på innmarksbeite

Innmarksbeite kan vere tresettt av enkelttre eller mindre treklynger. Det kan óg vere heildekkande tresetting, men då må skogen ha ei glissen tresetting, vere oppkvista og utan nevneverdig busksjikt. Treslag kan først på når tresettinga er minst 3 meter høg og kronedekninga er minst 10%.



Døme på tresettt innmarksbeite med godt grasdekke og god lystilgang (Sveio). Foto: Tom J Kristiansen

Tett kronedekke reduserer tilgangen på lys og varme til undervegetasjonen. Planteproduksjonen kan derfor bli sterkt hemma. For å godkjenne eit tresettt areal som innmarksbeite må det vera eit godt grasdekke med nokolunde god vekst. Det skal ikkje vere berre spredte grasstrå eller pistrete gras i eit mosedekke. Særleg i granskog har det lett for å bli for tett slik at det blir dårleg grasvokster, men dette kan også vere tilfelle i lauvskog.



Areal med dårleg grasdekke skal ikkje klassifiserast som innmarksbeite sjølv om dei har beitepreg (Tolga). Foto: Yngve Rekdal

Innslag av treklynger på beite er viktig for beitedyr som ly mot regn og vind, eller som skugge. Slike areal skal likevel ikkje reknast med i innmarksbeite dersom dei ikkje held kravet til dekning av kulturgras og er større enn 1 daa.

Om du skal gje råd om tynning av skog for beiteproduksjon, så er det viktig å skilje på kva slags vasstilstand ein har i jorda. Tynning gjev auka fordunsting frå undervegetasjon og jordbotn. Areal som har liten tilgang på vatn kan få forverra situasjonen og tørke meir ut. Den opprinnelege vegetasjonen kan bli erstatta av meir tørketolande planter. Høgt beitetrykk på slike areal kan gje utvikling av finnskjegg.



Innmarksbeite med glissen tresetting og oppstamma bjørk. Men her er kronedekket litt for tett. (Tynset). Foto: Jostein Frydenlund



På tresette areal kan lite lys og daudt lauv hemme god grasvekst. Glissen grasmatte som dette kan ikkje godkjennast, sjølv om dei rette grasartane er til stades. (Sand) Foto Tom J Kristiansen

5. Strandeng

Sonering

Strandenger er naturlige plantesamfunn som er knytt til havstrand og sjønære areal.


Frå den ustabile vegetasjonen i fjæresona til gradvis tørrare areal innover mot stigande terreng finst det soneringar med ulik vegetasjons-samansetting. Det finst regionale skilnadar som har samanheng med artsutbreiing.

Den ytste sona, som kan vere overflødd ved normal fló (*nedre og midtre salteng*), består av låge, salttålande gras, storr og urtar. (*Saltgrasartar, fjørestorr, saltstorr, strandkryp, strandstjerne, strandkjempe*)


Lengre innover overtar ein meir stabil, grasdominert vegetasjon (*øvre salteng*). (*Raudsvingel, smårapp, saltsiv, jåblom, tangmelde, gåsemure, skjørbuksurt, strandarve*).

Der tang og anna organisk hopast opp etter storfló og storm, finst ein næringskrevande, artsrik vegetasjon (tangvollar) der høge urtar og gras inngår. (*Vendelrot, hundekjeks, mjødurt, kveke, meldeartar, dåartar, strandbalderbrå, strandkvann, høymol, soleieartar, saftstjerneblom*)


I senkingar og der ferskvatn drenerer ut mot stranda opptreer frodige strandsumpar og fuktenger. (*Strandrøyr, kvekeartar, storrartar, mjødurt, jåblom, minneblom-artar, bekkeblom*)



Sonering i strandeng slik det ofte vil forekoma.



Bilete av sonering frå Vikna.



Sonering med sterkt beita tangvoll frå Vikna

Det er ofte gradvise overgangar innover mot grasdominerte vollar på tørre strand- eller vindavsetningar. (*Strandrug, svingelartar, marehalm, bogestorr, tiriltunge, fyglevikke, låge kalkkrevande urtar, vierartar*)

Beitepåverknad

Strandengene er i regelen svært produktive og har eigenskapar som gjer dei til verdfull beitemark. Både plantesamansettinga og det avleira mineralsaltet på plantedeckket trekker til seg beitedyr. Der dyra har tilgang til fjæra blir strandengene beita jamt. Ofte er dei sterkt nedbeita. Både småfé, storfé og rein beitar i *strandeng*. Det er kjent at sau og rein plar ha regelmessige døgervandringar ut i fjæra. Eit anna "beitedyr" som tar godt føre seg er gåsa (grågås samt andre gåseartar på trekk)

Også i strandenger skjer ei endring i artssamansetnad ved beitepåverknad. Det er særleg *raudsvingelen* som brer seg sterkt, både på fuktige og tørre areal. Ofte dannar den homogene grasmatter der få andre planter finst. Slike kultiverte strandenger er svært produktive beiteareal som ofte blir sterkt utnytta gjennom heile beitesesongen.

Innover på meir heva og mindre sjøpåverka areal kjem fleire grasartar inn. *Smårøyrkvein, reverumpe-artar, sølvbunke, skogrøyrkvein, rappartar* og fleire, alt etter fuktigheit og næringsinnhald.

Der dyretalet er høgt vil ein ofte finne at strandengene svært sterkt avbeita, nærast "barberte". Det er òg vanleg å finne dei tettsette med husdyrgjødsel. På dei nedste areala som blir regelmessig overflødd, vil gjødsla flyte vekk, men lengre innover kan gjødsla hopast opp i mengder slik at areala blir mindre brukande ut over sommaren.

Mange stader er det eit tynt, humusblanda sjikt over tørre sand- og grusavsetningar. Ved mykje dyretrakk vil det lett bli slitasje og følgjande erosjon. Sauene sin hang til å grave, særleg i hellingar, kan føre til omfattande erosjon. Der humuslaget blir slite bort, kan dette gje varige skader der vegetasjonen ikkje klarer å etablere seg att. Kupert, tørre sandavsetningar er mest utsette då dei også har ein slitesvak vegetasjon.

Grasartar

Raudsvingel er det viktigaste beitegraset. Den har smale blad, men likevel ein betydeleg bladmasse. Det synest å tåle kontinuerleg avbeiting i heile vekstsesongen.

Strandrug dannar ofte koloniar på heva parti og grushaugar. På tørre avsetningar og flygesandvollar kan den dominere sterkt over store areal. Sauene beitar normalt ikkje mykje på dette grove graset, medan storfé kan ta godt føre seg av strandrugen. Den har eit djupt rotsystem (men det er usikkert kor godt den tåler sterk avbeiting). Ofte veks den på erosjonsutsette stader som ikkje tåler mykje trakk.

Strandrøyr er eit høgt, veksekraftig gras med stor bladmasse. Arten er næringskrevjande og kan dominere lengst inn på strandengene der det ligg gammal tang og rotnar, like eins i fuktenger og brakkvasssumpar. Det er usikkert kor mykje dyra vil beite på strandrøyr. Arten har truleg verdi for storfé. Om sauene vil utnytte den er meir usikkert.

Kveke kan bre seg sterkt, særleg på humushaldige avsetnader i indre deler av strandenga der fló og sjøsprøyt har liten påverknad. Den nærstående arten **strandkveke** veks på liknande avsetningar, men får størst utbreiing på tørrare sanddyner som er mindre eigna til beitemark. Sistnemnde art veks nord til Romsdalen. (Beiteplante?)

Marehalm er knytt til sanddynevegetasjon. Arten har ei særleg stor evne til å binde/ stabilisere dynene mot sandflukt og annan erosjon. Eg kjenner ikkje til om marehalm blir beita. Vekseplassen (sanddyner) vil i regelen ikkje falle innfor aktuelle areal til innmarksbeite. Marehalm har nordgrense på Mørkysten.

Dunhavre og **hestehavre** er også høge og grovstilka gras. Artane veks både på stabile strandvollar og andre ustabile sandavsetningar. Desse grasa har neppe nemnande beiteverdi for småfé.

Smårøyrkvein dannar sjeldan reine bestandar, men kan dominere over store areal på ferskvassinfluerte strandenger og strandvollar. Arten tåler neppe å bli regelmessig overflødd. Dette graset blir beita av småfé og rein.

Kva areal skal inngå i innmarksbeite?

Areala som skal vurderast som innmarksbeite skal vere i bruk som husdyrbeite og skal elles ha same krav til kvalitet som blir stilt til innmarksbeite. Dekningsgraden av beiteplantar må halde minst 50 %. Usamanhengande vegetasjon der opne flekkar av leire, grus, stein inngår, må ikkje utgjere meir enn 50 %.

Det er naturleg å trekke den ytre grensa mot fjæra så langt det er samanhengande grasdominert vegetasjon. Det vil seie til og med

raudsvingelsona i den øvre saltenga. I nedre delar av den øvre saltenga vil det ofte vera høgt innslag av saltsiv. Dette er ikkje noko godt beitegras. Areal dominert av saltsiv skal ikkje vere med i innmarksbeite. Overgangen kan vere gradvis og vanskeleg å vurdere.

Der *strandengene* har vore beita gjennom lang tid har det gjerne skjedd ei kultivering som går vidare innover på tilliggande areal. Dette kan vere areal som er lite eller ikkje påverka av det sjønære miljøet. Der desse ligg på rike avsetningar, kan vegetasjonen vere dominert av *raudsvingel*, og såleis avvike lite frå sjølve *strandenga*.

Sterkt fuglegjødsla vegetasjon som ein kan finne omkring fuglefjell og måsekoloniar kan ha ein vegetasjonssamansetnad som likner på strandenger. Der husdyr har tilgang, kan dette vere godt kultiverte beiter. Som regel er areala for små og fragmenterte til at dei kan klassifiserast til innmarksbeite.

Også for *strandenger* gjeld at dei må ligge i rimeleg nærleik til anna jordbruksareal.



Strandeng på Rennesøy i Ryfylke Foto: Oskar Puschmann



NIBIO

Areal utan grasdekke

- Stein og fjell
- Kvist
- Stokkar
- Kulturugras
- Attgroingsurter
- Ikkje reell grasproduksjon

6. Korleis handtere areal utan grasdekke?

Med areal utan grasdekke meiner ein her areal der grasdekket ikkje er dominerande.

Dette gjeld til dømes:

- Stein, fjellblotningar, kvisthaugar og stokkar.
- Stort innslag av kulturugras og attgroingsartar som til dømes einer, bregner eller brennesle.
- Areal utan tilgang på tilstrekkeleg lys, vatn og næring.
- Areal med opphavleg skogsvegetasjon som nyleg er rydda.



Innmarksbeite med fjellblotningar (Solund). Når fjellblotningar dekker meir enn 50% av arealet, skal det ikkje reknast som innmarksbeite. Foto: Yngve Rekdal

Eit ideelt innmarksbeite har god tilgang til lys, vatn og næring over heile arealet. Slik er det sjeldan i naturen. Der finn ein ofte ein mosaikk av gode og mindre gode område med ulik form og storleik.



Bildet til venstre viser areal dominert av fjell i dagen, medan bildet til høgre viser areal dominert av gras. (Sveio) Foto: Tom J Kristiansen



NIBIO

I prinsippet er det same sak om det er fjellblotningar, stein, einer, finnskjegg eller anna som fortrenger dei godkjente artane. For at eit areal skal tilfredsstill krava til innmarksbeite må grasdekket dominere arealet (meir enn 50 %). I tillegg må det grasdekte arealet vere dominert av dei godkjente beiteplantane (meir enn 50 %).

Rydding:

Fjerna kratt og hogstavfall.

God tilgang for beitedyr.

6. Rydding

Innmarksbeite skal vere rydda for kratt og hogstavfall slik at arealet er godt tilgjengeleg for beitedyr.



Nyetablert innmarksbeite som er rydda og har tydeleg kulturpreg. (Seljord) Foto: Aud Torild Stensrød



Noko av kvisten er samla i haugar, men det ligg att så mykje kvist at den hindrer dyra i å komme til. Arealet kan ikkje reknast som innmarksbeite. (Alvdal) Foto: Tom Joar Kristiansen

7. Inngjerding

Innmarksbeite vil normalt ha inngjerding mot utmark, naboeigedom og andre areal, eller ha naturleg avgrensing som vatn, elver, bergveggar m.m.



Gjerde til tresett innmarksbeite i Tynset. Foto: Jostein Frydenlund



Gjerde mellom innmarksbeite og utmark (Bjarkøy). Foto: Per Bjørklund



Innmarksbeite med havet som gjerde på Froan (Frøya). Foto: Yngve Rekdal



Etablering:

Tilgang på næring og vatn i jorda er viktig.

Pionèrartar:

- [Engrapp](#)
- [Engkvein](#)
- [Sølvbunke](#)
- [Rødsvingel](#)

8. Etablering av innmarksbeite

Etablering av innmarksbeite er ressurskrevande, og det er viktig at innsatsen blir gjort der ein kan få mest att. Kva potensiale marka har for å bli eit godt innmarksbeite er gjeve ut frå tilgang på næring og vatn i jorda. Dette kan ein lese ut frå kva planter som vekst der.

På fattig mark i skog vil til dømes trea vere kortvaksne og krokute, og undervegetasjonen dominert av artar som *krekling* og *røsslyng*, og ofte med innslag av lavartar i innlandet. På denne marka er det lite å hente for beitedyr. Beiteplanter finst berre spreitt, og dyr vil helst ikkje beite der om dei kan velge. På slik mark vil ein ikkje få etablert godt grasdekke og ein har ikkje noko att for tiltak her.

Om det er litt meir næring og vatn i jorda vil trea vere høgare, og undervegetasjonen dominert av *blåbærlyng* og grasarten *smyle*.

Den rikare delen av denne såkalla blåbærmarka, kan gje eit fint grasdekke ved tynning og beiting. Det kan ta tid før breiblada grasartar etablerer seg i tett bestand, da desse i utgangspunktet er lite til stades. Gjødsling og såing med grasfrø av *engkvein* og *engrapp* er tiltak som kan påskynde prosessen. Fattig blåbærmark vil gje lite att for innsatsen uten sterk gjødsling.

Dersom det er godt med næring og vatn i jorda vil *breiblada gras*, *urter* og *bregner* dominere i undervegetasjonen. I frodig skog vil tynning av tresjikt, rydding av busker samt høgt beitetrykk, raskt kunne gje grasrik vegetasjon. Marka er frodig, og vil difor vere særleg utsett for attgroing ved lågt beitetrykk. Det er i skog av engtype ein bør sette inn kultiveringstiltak dersom gode innmarksbeite er målet. Andre frodige marktypar som vil gje gode beite er strandenger og høgstaudeenger.



Engbjørkeskog vitnar om frodig mark som ved høgt beitetrykk raskt kan gje høgt grasinnhald.



Nyleg rydda og inngjerda areal på fattig skogsmark, som har fått nokre godkjente beiteplantar innanfor gjerdet. Men arealet har fortsatt skogspreget og kan ikkje klassifiserast som innmarksbeite i AR5. (Nord Aurdal). Foto: Tom J Kristiansen



Nyleg etablert innmarksbeite som har hatt rask og god utvikling, og har eit godt grasdekke, med unntak av nokre soner med myr langs bekken. Arealet blir beita både av storfe og sau, noko som ofte gjev godt resultat. (Sand) Foto: Tom J Kristiansen.



Areal som er inngjerda og brukt som beite ei tid. Arealet er ope og solrikt, har glissen tresetting, og er godt rydda. Men arealet kan ikkje klassifiserast som innmarksbeite i AR5, då grasdekket er dominert av skogsgras. Arealet er lite næringsrikt, så her vil det ta lang tid før beiteplantane tek over for skogsgraset. Tilførsel av kalk og næring kan framskande dette. (Nord Aurdal). Foto: Tom J Kristiansen



Areal med næringsfattig jord, men likevel ei god grasmatte. Dette er eit døme på areal som har blitt beita over lang tid, og på den måten har ein fått gjødsla opp arealet.



Bildet viser ei hogstflate dominert av sølvbunke, som er rekna som eit kulturgrasgras. Men arealet mangler kulturpreg, og kan ikkje reknast som innmarksbeite, sjølv om det blir inngjerda. (Nord Aurdal) Foto: Tom J Kristiansen